

KVINNER I BRITISK ANIMASJON

WOMEN IN BRITISH ANIMATION

I denne retrospektiven viser vi eit lite, men godt utval av britiske animasjonsfilmar laga av nytenkande kvinnelege kunstnarar dei siste 30 åra. Tre av dei kjem til å være gjester på festivalen, Candy Guard, Emily Mantell og Gemma Carrington. Dei har alle film i dette programmet. Dei to siste er óg med i den internasjonale konkurransen.

Av Gunnar Strøm

Kvinner har alltid vore underrepresenterte i filmbransjen. I animasjonsindustrien har det alltid vore plass for kvinnene, men svært få har hatt sentrale kreative posisjonar. Dei har alltid arbeidd lågast på rangstigen, som reinteiknarar og fargeleggarar i dei store kommersielle teiknefilmstudioa. Det historiske unntaket er Lotte Reiniger og nokre abstrakte animatørar med Mary Ellen Bute i spissen. I tillegg har Joy Batchelor, Faith Hubley, Claire Parker, Evelyn Lambart og Sayoko Kinoshita vore viktige animasjonskunstnarar saman med sine mannlege partnarar. Men filmene desse filmskaparane laga blir som regel kreditert mennene John Halas, John Hubley, Alexander Alexeieff, Norman McLaren og Renzo Kinoshita aleine. Caroline Leaf og Alison de Vere representerer derfor noko nytt og spesielt når dei på 70-tallet etablerer seg som store namn på den internasjonale animasjonssenen med eigne personlege filmar. Her begynner også suksesshistoria om dei britiske kvinnelige animatørane som har laga høgst personlege og kreative bidrag til utviklinga av den internasjonale animasjonsfilmen dei siste 30 åra.

I si epokegjerrande bok *Women and Animation* (British Film Institute 1992) skriv Jayne Pilling: «What has changed over the last twenty years for women in animation has been the developing opportunities to make their own films.» (s. 5) Det var strukturelle endringar i det britiske utdanningssystemet og fjernsynsdistribusjonen som opna opp animasjonsmediet for kvinnene på 80- og 90-talet.

Sjølvsagt er kvinner like skikka til å lage film som menn. Men vi menn har ofte ein lei tendens til å verne våre revir, og den kommersielle animasjonsbransjen er enno på våre hender. Den moderne animasjonshistoria i England startar med Halas & Batchelor sin langfilm «Animal Farm» (1952) og innføringa av reklamefinansiert fjernsyn rett etterpå. Reklamefilmene var eit grunnlag som gjorde det mogleg for unge animasjonskunstnarar som Bob Godfrey, Richard Williams og Geoff Dunbar å starte sine eigne studio i sunn konkurranse med Halas&Batchelor. I dette miljøet begynte Alison de Vere å arbeide. Neste milepåle er Beatles-teiknefilmen «Yellow

This retrospective contains a small, but excellent selection of British animation films made by innovative female artists over the last thirty years. Three of them will come to Grimstad to show their award-winning animation films: Candy Guard, Emily Mantell and Gemma Carrington. The last two are also competing in the international programme.


Women have always been underrepresented in the film business. Although there has always been room for women in the animation industry, very few have occupied any central, creative position. Women have invariably been on the lowest rungs of the ladder, working as inkers and colourists for the large, commercial animation studios. There are notable exceptions, like Lotte Reiniger and some abstract animators; the most renowned of these is Mary Ellen Bute. In addition, Joy Batchelor, Faith Hubley, Claire Parker, Evelyn Lambart and Sayoko Kinoshita

have all been important animation artists, together with their male partners. But their films were usually credited to the men alone: John Halas, John Hubley, Alexander Alexeieff, Norman McLaren and Renzo Kinoshita. Caroline Leaf and Alison de Vere therefore represented something new and special, when they established themselves during the seventies as big names of the international animation scene, with their own, personal films. During this time, the success story of British female animators begins. Over the last thirty years they have made highly personal and creative contributions to the development of the international animation film.

In her groundbreaking book «Women and Animation» (British Film Institute 1992) Jayne Pilling writes: «What has changed over the last twenty years for women in animation has been the developing opportunities to make their own films.» (p. 5) During the eighties and nineties, structural changes to the British education and TV distribution systems opened up the animation medium to women.

Women obviously have the same aptitude for filmmaking as men. But males are often prone to protect their own territory, and the commercial animation business is still in our hands. The history of the modern English animation film

starts with Halas & Batchelor's feature film «Animal Farm» (1952) and the introduction, soon afterwards, of TV channels financed by advertising revenue. The demand for advertising films made it possible for young animation artists like Bob Godfrey, Richard Williams and Geoff Dunbar to start their own studios, in healthy competition with Halas & Batchelor. It was in such an environment that Alison de Vere started out. The next milestone is «Yellow Submarine» (1968), featuring The Beatles, in which most of the London-based animation studios were



Submarine» (1968), der dei fleste Londonbaserte teiknefilmstudioa var involverte i produksjonen. Den moderne designen og det personlege uttrykket introduserte ein ny form for animasjon som har vore sentral innanfor den animerte kortfilmen sidan den gang. Alison de Vere var sentral i utforminga av designen for «Yellow Submarine». På 1970-talet fekk ho sitt gjennombrøt med «Cafe Bar» (1975) og «Mr.Pascal» (1979). Kortfilmfestivalen viste eit eiga program med de Veres filmar da ho gjesta festivalen i 1995.

På 70-talet la dei britiske kunst- og polytekniske skulane om studietilboda sine, og animasjon fekk ein sentral plass ved fleire av dei. West Surrey College of Art and Design i Guilford (seinare Farnham) var først og blei leiande i grunnutdanninga. National Film and Television School i Beaconsfield og Royal College of Art i London etablerte post-graduate-studier i animasjon. Svært mange av dei sentrale animasjonsfilmskaparane i Storbritannia dei siste tjue åra har bakgrunnen sin frå desse skulane. Annabel Jankel gjekk i det første kullet på WSCAD (1971–73) saman med medstudenten Rocky Morton. Dei blei pionerar både innan animert musikkvideo og dataanimasjon. Mest kjend er den virtuelle video-verten Max Headroom, som dei skapte for Channel 4.

Frå Channel 4 kom på lufta på slutten av 70-talet har animasjon vore ein sentral og integrert del i programflata til kulturkanalen. Clare Kitson, som var 'animation commissioning editor' for kanalen i mange år, har vore essensiell i utviklinga av britisk animasjon dei siste ti-åra. Ho har vore ein viktig medspelar for dei unge animatørane i Storbritannia som gjennom Channel 4 har fått spennande oppdrag også etter at dei var utdanna. Og Channel 4 har stimulert etablerte filmskaparar til å lage sine egne kortfilm og slik sett halde den kunstnarlege aktiviteten oppe. Joan Ashworth etablerte studioet «Three Peach» i 1987. Her laga dei animerte reklamefilm i mange år før ho blei leiar av animasjonsutdanninga ved Royal College of Art midt på 90-talet. No har ho laga sin første kortfilm på mange år: «How Mermaids Breed» (2003), finansiert av Channel 4.

Kanalen støtta også kvinnelege humoristar som Joanna Quinn og Candy Guard, slik at fleire nyskapande satiriske og fornøyelege filmar som «Girls Night Out» (1987) og «Fatty Issues» (1990) nådde ut til eit stort publikum. Både Quinn og Guard har sidan teke steget ut i den kommersielle tv-verda med halvtimes spesialprogram som Famous Fred» (1997) og den animerte tv-serien «Pondlife». «Pondlife» var den første tv-serien Channel 4 produserte. Med sin burleske humor sett frå eit kvinnestandpunkt var den ei viktig nyskaping i britisk tv på 90-talet. Sarah Kennedy's «Crapston Villas» tar den burleske humoren frå «Pondlife» nokre skritt vidare i sin animerte såpeopera frå londonsk skuggeside.

Og sjølvsagt har vi fått ei rekke personlege filmar der tema som mannlege animatørar tradisjonelt har halde seg unna, blir presentert på ein spanande måte. Leeds Animation Workshop var ei gruppe feministar som på 80-talet laga fleire filmar som provoserte oss mannlege tilskodarar så det haldt. Sidan har filmskaparar som Christine Roche, Monique Renault, Marjut Rimminen og Orly Yadin bygt vidare på denne kvinnelege tankegangen i mange tankevekkande produksjonar.

involved. This film's modern design and personal mode of expression introduced a new form of animation, which has been central to the animation short film ever since. Alison de Vere was central in working out the design for «Yellow Submarine». In the seventies she got her big breakthrough with «Cafe Bar» (1975) and «Mr. Pascal» (1979). When de Vere was a guest in Grimstad in 1995 the festival screened a special programme of her work.

In the seventies British art and polytechnic schools revamped their curriculums and in many schools animation received a central place. West Surrey College of Art and Design in Guilford (later Farnham) was the first school where this happened, and it became the leading school as regards basic animation education. The National Film and Television School in Beaconsfield and the Royal College of Art in London established post-graduate studies in animation. A large number of the most important animation filmmakers in Great Britain over the last twenty years were educated at these schools. In the first ever animation class at WSCAD (1971–73) we already find Annabel Jankel, who, together with fellow student Rocky Morton, became a pioneer both within animated music videos and computer animation. The most renowned creation of the latter kind was the virtual video show host Max Headroom, which they made for Channel 4.

Ever since Channel 4 was established in the late seventies, animation has been an integral part of the programming of this channel, renowned for its emphasis on cultural matters. Clare Kitson, animation commissioning editor for the channel for many years, has been essential for the development of British animation over the last ten years. She has been an important partner for young animators in Great Britain, who through Channel 4 have had the opportunity to work on challenging assignments, even after graduation. Channel 4 has also encouraged established filmmakers to make their own short films, and in this way has contributed to maintaining artistic activity. Joan Ashworth established the studio «Three Peach» in 1987. Here animated advertising films were made for many years, before she became the leader of the animation department of the Royal College of Art in the mid-nineties. Now she has made her first short in many years: «How Mermaids Breed» (2003), financed by Channel 4.



Channel 4 has also supported female humorists like Joanna Quinn and Candy Guard, enabling several innovative, satirical and amusing films like «Girls Night Out» (1987) and «Fatty Issues» (1990) to reach a large audience. Since then, both Quinn and Guard have entered the world of commercial TV with special, half-hour programmes like «Famous Fred» (1997) and the animation TV series «Pondlife», the latter being the first TV series that Channel 4 produced. With its burlesque humour from a female point of view, it was an important innovation in nineties British TV.

Sarah Kennedy's «Crapston Villas», an animated soap opera from London's dark side, further develops the burlesque humour of «Pondlife».

Additionally, there are, of course, a number of personal films, exploring themes traditionally avoided by male animators, now presented in an exciting, fresh way. Leeds Animation Workshop was a group of feminists who made several films during the eighties that were immensely provoking to male viewers. Since then, filmmakers like Christine Roche, Monique Renault, Marjut Rimminen and Orly Yadin have further developed this female way of thinking, resulting in


Ruth Lingford set det heile på spissen i «Pleasures of War» (1998). Mange av filmene er animerte dokumentarar. Dei britiske kvinnelege filmskaparane har vore ei viktig drivkraft i utviklinga av animasjonsfilmen frå å vere eit medium for humor og surrealisme til å bli eit moderne samfunnskritisk kulturuttrykk.

MTV, musikkvideo, ny teknologi, digital design og ein spennande kreativ ungdomskultur har også vore med å gjere animasjonsfilmen i Storbritannia til eit leiande uttrykk i samtidskulturen. Her spelar dei kvinnelege kunstnarane ei like sentral rolle som sine mannlege kollegar. Emily Mantell og Gemma Carrington, to nyutdanna animatørar frå RCA og NFTS, er begge representantar for dette spennande miljøet. Dei kjem til Grimstad og viser sine prisvinnande animasjonsfilmar. Emily Mantell med filmen «Coming Home» (2003) og Gemma Carrington med filmen «Gifted» (2002). I tillegg vil retrospektiven vise eit lite, men godt utval av britiske animasjonsfilmar laga av nytenkande kvinnelege kunstnarar frå dei siste 30 åra.

many thought-provoking productions, like Ruth Lingford's challenging «Pleasures of War» (1998). Many of their films are animated documentaries. British female filmmakers have been an important driving force in the development of the animation film, taking it from a medium for humour and surrealism to a modern, satirical mode of cultural expression.


MTV, music video, new technologies, digital design and an exciting, innovative youth culture have also contributed to pushing British animation film into a leading form of contemporary cultural expression. In this female artists play as important a role as their male colleagues. Emily Mantell and Gemma Carrington two recent graduates of the RCA and the NFTS, are representatives of this exciting environment. They will come to Grimstad to show their award-winning animation films. Emily Mantell's film «Coming Home» (2003) and Gemma Carrington's film «Gifted» (2002) will both be screened at the festival. In addition, the retrospective contains a small, but excellent selection of British animation films made by innovative female artists over the last thirty years.

Gunnar Strøm

<h2>Holiday</h2> <p>Ferie</p> <p>DigiBeta SP, 10 min, 1998</p> <p>Regi, manus/Dir., scr.: Candy Guard</p>	
--	--

Dolly og Belle drar på pakketur til Hellas. Dolly vil oppleve det ekte greske, mens Belle opplever en ekte greker.

Dolly and Belle go on a package holiday to Greece. Dolly wants to find the real Greece, but belle finds a real Greek.

<h2>Gifted</h2> <p>Begavet</p> <p>Beta SP, 6 min, 2002</p> <p>Regi, manus/Dir., scr.: Emily Mantell</p>	
--	--

«Mitt mål var å lage en film som formidler følelsene til en jente som er tynget og plaget av sin avmakt overfor ord.» Emily Mantell

«My aim was to produce a film that conveys the feels and the emotions experienced by a girl whose reality is haunted and saddened by her disability with words.» Emily Mantell

<h2>Coming home</h2> <p>Hjemkomsten</p> <p>DigiBeta, 7 min, 2003</p> <p>Regi, manus/Dir., scr.: Gemma Carrington</p>	
---	---

En kvinne kommer hjem igjen og oppdager at alt ikke er nøyaktig slik hun husker det.

A woman returns home to find that not everything is quite as she remembers it.

<h2>Fatty Issues</h2> <p>Fete forhold</p> <p>Beta SP, 3 min, 1990</p> <p>Regi, manus/Dir., scr.: Candy Guard</p>	
---	---

En jente er på fruktdiett og betrakter overraskende mye mat som frukt.

A girl goes on a fruit diet and finds a surprising amount of food qualifying as fruit.

Girl's Night Out Damekveld

35 mm, 6 min, 1987

Regi, manus/Dir., scr.: Joanna Quinn



En walisisk husmor som kjeder seg møter opp på den lokale pubens damekveld, der hovedattraksjonen er en mannlig stripper. Hennes forvandling fra stille husmor til vill og lystig rampejente vises kun gjennom hennes reaksjoner i selskap med de andre kvinnene.

Bored Welsh housewife visits a pub on ladies' night where the main event is a routine by a male stripper. The character's transformation from quiet housewife into wild, joyful hooligan is shown entirely through her reaction in the company of the other women.

Cafe Bar

35 mm, 5 min, 1987

Regi, manus/Dir., scr.: Alison de Vere



Cafe Bar er en kort kortfilm om to mennesker på en kafé som ikke lykkes i å komme i kontakt. I stedet blir de sittende og fantasere om hverandre. Filmen kunne vært skrevet av Jules Feiffer på en litt sløv dag.

Cafe Bar is a brief short of two people who fail to connect in a cafe and fantasize about each other. It plays like it was written by Jules Feiffer on an off day.

Carnival

Beta SP, 7 min, 1986

Regi, manus/Dir., Scr.: Susan Young



Et fargerikt, observerende animasjons-essay om karnevalet på Notting Hill, med en fiffig bruk av atmosfærisk lyd. Menneskene ruller som svømmere mot en langstrakt, hvit bakgrunn, og musikken har en vag rytme-stratching.

A colourful descriptive animated essay on the Notting Hill Carnival with a clever use of atmospheric sounds. The figures roll like swimmers against a long white space, and the music is a vague stratching of beats.

Silence Stillhet

35 mm, 15 min, 1999

Regi, manus/Dir., scr.: Sylvie Bringas & Orly Yadin




En dokumentarisk animasjon om et barn som har overlevd holocaust. Hun forteller nå sin historie for første gang etter femti års stillhet.

Documentary animation about a child holocaust survivor who tells her story for the first time after fifty years of silence.

Pleasures of War Krigens gleder

35 mm, 11 min, 1998

Regi/Dir.: Ruth Lingford




En eldgammel historie utspilles på ny, om en beleiret by og den grusomme gjerningen en eneste kvinne utfører for å redde den.

An ancient tale retold, of a city under siege and the terrible action taken by one woman to save it.

Feet of Song Syngende føtter

35 mm, 5 min, 1988

Regi, mansu/Dir., scr.: Erica Russel



En eksplosiv kombinasjon av musikk, basert på afrikanske rytmer og stilisert grafikk. Et bevis på hvor flott en animasjonsfilm kan ta seg ut på stort lerret. «En storm av rene linjer og farger, forfriskende i sin eleganse og skjønnhet.»

An explosive combination of music, based on African dance rhythms, and stylised graphics that proves how great animation can look on the big screen. «A riot of pure line and colour exhilarating in its grace and beauty».

Geoff Andrew in Time Out

Geoff Andrew i Time Out

The Stain
Skampletten

35 mm, 11 min, 1991

Regi, manus/Dir., scr.: **Marjut Rimminen & Christine Roche**

Basert på en avisnotis om selvmordet til to tvillinger i åttiårsalderen. Filmen er en mørk thriller som utspiller seg i hjemmemiljø og anvender et vidt spekter av teknikker for å spinne et klaustrofobisk nett av incest og intriger.

Based on a news paper item about the suicide of octogenarian twins. The film is a dark domestic thriller which uses a variety of different techniques to spin a claustrophobic web of incest and intrigue.

Dog
Hund

Beta SP, 6 min, 2001

Regi, manus/Dir., scr.: **Suzie Templeton**

En ung gutt lengter etter å få vite hvordan moren døde. For å beskytte hverandre, gjemmer far og sønn sin smerte inni seg, hvor den blir mer og mer betent.

A young boy longs for reassurance about how his mother died. To protect each other, he and his father keep their pain inside, where it festers.



Little Wolf
Lilleulv

Beta SP, 6 min, 1993

Regi, manus/Dir., Scr.: **An Vrombaut**



Det som går opp, kommer ned.

What goes up must come down.

How Mermaids breed

Digi Beta, 10 min, 2002

Regi, manus/Dir., scr.: **Joan Ashworth**

Denne filmen gir svar på spørsmålet om hvordan havfruene formerer seg. Selv om de tradisjonelt er symboler på fruktbarhet og har en seksualitet så sterk at den er en fare for skipsfarten, vet vi lite om hvordan de reproducerer seg.

This film answers the question of how mermaids breed. Although they are traditional symbols of fertility and a sexuality so powerful as to be a danger to shipping, details of their reproductive processes have been scarce.



GUNNAR STRØM

Gunnar Strøm er førsteamanuensis i film og fjernsyn ved Høgskulen i Volda, avdeling for mediefag. Han har vært en ildsjel for animasjonsfilmen gjennom 20 år – nasjonalt og internasjonalt. Tidligere generalsekretær og visepresident i ASIFA.

Gunnar Strøm is an associate professor of film and television at the department of media subjects at Volda College. He has been an enthusiastic champion of animation film for twenty years – both in Norway and abroad. He is a former secretary-general and vice president of ASIFA.

Programmet presenteres med støtte fra

The presentation is supported by

